



- Velkommen i forbundet! Endre Solvang gir medlemsvimpelen til Trond Lekva Myklebust

Samrøystes og med 18 til stades under årsmøtet melde Uskedal Båtlag seg inn i Kongelig Norsk Båtforbund i kveld. Frå før er båtlaga på Husnes og Sunde med og assisterande generalsekretær Endre Solvang i forbundet ga ei brei orientering om alle medlemsfordelane. Den største meinte Solvang var ein momskompensasjon på 9 800 kroner i fjor. På landsbasis var kompensasjonen 3,3 millionar og det er forbundet svært godt fornøgd med.



Leif Jarle Bergstø flankert av Terje og Kåre Rød, den siste vert hamnevert til sommaren

Men Solvang åtvara mot nye trugsmål mot båtfolket og streka under kor viktig med eit felles talerøyr som KNBF.

No har forbundet 31 000 medlemmer i 1210 foreiningar og dei arbeider for eit berekraftig båtliv, sikkerheit på sjøen og eit levande kystmiljø.

Ei undersøking har konkludert med at det no er 750 000 båtar i landet. I Hordaland er 29 hamner med i organisasjonen som mellom mykje anna har fått innført båtførarbevis og oppnådd at dieselavgifta er trukke attende.

Johan Sunde held fram som kasserar i båtlaget men vert avløyst av Kåre Rød som hamnevert. Trond Lekva Myklebust har eitt år att som formann og det har og Gunnar Leite og Jan Henrik Hansen i styret der Espen Eik vart attvald. Kåre Rød og Johannes Hjørnevang er vara.

Årsmeldinga rapporterte mellom anna om ein fellesdugnad der 25 stilte. Under ein inspeksjon av dykkar på all fortøying vart det avslørt at den gamle flytebyggja mest låg av gamal vane! Det vart støypt og lagt ut nye lodd.

Laget har kopiert betalingsystemet som Øyro Marina har. Det har fungert fint, men ein bør vise seg i hamna for å få med alle. Jurgita Zemaitaitiene hadde vasking av lagshuset og det fungerte svært bra. Det vart notert 723 gjestedøgn i fjor og Sunde vert i årsmeldinga rost for ein framifrå jobb som hamnevert. Det er no 12 på venteliste for plass i hamna og nokre ynskjer å byta båtplass grunna endring av storleiken på båtane. 3 båtplassar og ein bod vart omsett i fjor.

Det er laga utkast til eit enkelt grillhus og no skal det innhentast overslag. Når det gjeld kamera, skal ein prøva ein billegmodell. Under årsmøtet kom det rosande ord om økonomien, som synte eit overskot på 125 915 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Leiinga i båtlaget er uendra. Frå høgre sit Johan Sunde, Trond Lekva Myklebust, Johannes Hjørnevåg og Jan Henrik Hansen